

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.02.2021

**Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar**

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek retningslinjene for nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar/tilskotsordning for utsette kommunar, jamfør vedlegget til saka: «Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar - retningsliner».

Samandrag

I denne saka legg vi fram forslag til retningsliner for eit næring- utviklingsfond for utsette kommunar, i form av ei tilskotsordning. Midlane er pr no avgrensa og tilskotsordninga vert difor smalna inn og retta inn mot dei kommunane som er mest utsette og har størst trøng for bistand. Etter vedtak i hovudutvalet vert disponible midlar lyst ut med ein høveleg søknadsfrist. Deretter vert framlegg til tildeling lagt fram for hovudutvalet som gjer vedtak.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
seksjonssjef naturressursar, landbruk  
og reiseliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Nærings- og utviklingsfond i utsette kommunar - retningsliner

**Saksutgreiing**

Bakgrunn for saka

Hovudutval for næring gjorde i sitt møte 16. september i samband med sak 49/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20 følgande delvedtak: «*Det vert vurdert å opprette næring/utviklingsfond i utsette kommunar og regionar. Fordeling og innretning vert vurdert i eiga sak. Regionråda si rolle i utvikling og partnerskapsarbeidet inngår i saka*

Dette vart følgd opp med nytt vedtak i møtet i hovudutvalet 5.november, sak 63/20:  
*Med bakgrunn i sak og tilbakemeldingar frå hovudutvalet får fylkesrådmannen i oppdrag å arbeide vidare med å konkretisere eit nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område.*

Vedtak som også omhandlar finansiering av fondet:

I budsjettet for 2021 er det sett av kr 2 millionar til fondet. Finansiering utover det har vore drøfta og gjort vedtak om i følgjande saker i hovudutvalet:

I møtet i 25.november under sak 68/20. Det vart då gjort følgjande delvedtak:

*Administrasjonen blir bedt om å kome tilbake med ei eiga sak på tiltakspakke reiseliv og næring og utviklingsfond for utsette kommunar og område. Dette innan ramma for udisponerte midlar overskot 2019. Administrasjonen får vidare fullmakt til å disponere restmidlar frå budsjett 2020 i tråd med intensionane for tiltakspakke reiseliv og næring/utviklingsfond.*

Vedtaket i sak 68/20, vart følgd opp med følgjande delvedtak i sak 10/21, «Overskotsdisponering 2019 - tildeling av midlar»:

*Hovudutval næring vedtek å sette av 3 mill kr til nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar, som kjem i tillegg til dei 2 mill kr som ligg i vedteke budsjett for 2021. Fylkesdirektøren legg seinare fram ei sak om konkret innretning på eit nærings- og utviklingsfond*

Det er arbeidt med å forme eit nærings- og utviklingsfond, som ei tilskotsordning for utsette kommunar. Forslag til konkret innretning på nærings- og utviklingsfondet går fram av vedlegget til saka: «Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar - retningslinjer».

#### Målgruppe for fondet

Fondet har pr no ei samla ramme på kr 5 millionar. Midlane er avgrensa og må difor målrettast mot dei kommunane som er mest utsette og har störst trøng for bistand. Erfaring syner at kommunar med einsidig næringliv der enkeltnæringar har stor betyding for sysselsetjing er sårbare når det skjer endringar i marknaden og oppdrag ikkje kjem. Slik har det tradisjonelt vore innan til dømes verfts- og leverandørindustrien. Pandemien som har herja siste året, har forsterka slike utfordringar og i seg sjølv ført til store endringar som også råkar einskilde næringar hardt. Reiselivsnæringa er eit døme på det.

Fylkeskommunen er i dialog med fleire kommunar som har betydeleg arbeidsløyse eller ligg an til å få det i nær framtid som følgje av venta oppseingar. Ein del av kommunane har utfordringar med å finansiere tiltak i eigen regi. Målet er at fylkeskommunen gjennom eit nærings- og utviklingsfond/tilskotsordning skal hjelpe kommunar som er hardt råka, med naudsynt omstilling. I retningslinene er det difor lagt opp til at det er kommunar i denne kategorien som kan søke om midlar til omstillings- og utviklingsarbeid. Kommunane kan søke om midlar åleine eller dei kan søke om fellestiltak saman med andre kommunar med like utfordringar. Fylkeskommunen har saman med Innovasjon Norge sett saman ei gruppe som skal følgje opp kontakten med kommunar som ynskjer bistand. Det er føremålstenleg at også fylkeskommunen og Innovasjon Norge kan ta initiativ til å etablere samarbeidsprosjekt med kommunar, som blir finansiert over fondet/tilskotsordninga.

#### Tidsramme og vedtak om tildeling

Per no er det ikkje teke stilling til om nærings- og utviklingsfondet skal gjelde over fleire år eller følgje det einskilde budsjettåret. Det mest nærliggande i første omgang er å etablere ei tilskotsordning som følgjer budsjettåret. Hovudutvalet har då mynde til å fastsetje denne ordninga, og vi kjem snøgt i gong med å få lyst ut og behandla søknader. Det vil vere hovudutvalet som tildeler midlane på grunnlag av utarbeidde saker.

Eit varig fond som går over år fordrar fylkestinget si godkjenning. Vi legg til grunn at vi ønskjer å kome snøgt i gong, og legg her opp til ei tilskotsordning som følgjer budsjettåret. Så får ein på eit seinare tidspunkt ta stilling til om det skal bli ei varig ordning, m.a. ut frå dei behov som ein måtte sjå.

#### Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Denne saka legg føring for midlar som alt er avsette, og for midlar som heretter vert tilført denne ordninga.

**Klima:** Retningslinene skal bidra til at midlar blir gjeve til tiltak som fører til berekraftig omstilling.

**Folkehelse:** Retningslinene skal hjelpe kommunar som har eller er venta å få utfordringar knytt til sysselsetjing, og dette er også relevant med tanke på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Retningslinene er i tråd med overordna føringar i utviklingsplanen.

### Konklusjon

Med omsyn til konkret utforming av tilskotsordninga syner vi til vedlagde retningsliner. Med bakgrunn i føringer i denne saka og utarbeidde retningslinjer vert det etablert ei tilskotsordning der aktuelle kommunar kan søkje om midlar. Hovudutval for næring tildeler midlane på grunnlag av utarbeidde saker.